

RØLDAL FJELLSTYRE



ÅRSMELDING 2013

INNHALD:

- 1. Røldal statsallmenning**
- 2. Røldal fjellstyre**
- 3. Hytter og stolar**
- 4. Villreinjakt**
- 5. Småviltjakt**
- 6. Fiske**

1. Røldal statsallmenning

Røldal statsallmenning ligg i Odda kommune i Hordaland fylke og er omlag 330 000 dekar høgfjell. Deler av allmenningen ligg innafor Hardangervidda nasjonalpark. Noko av allmenningen ligg sør for E-134 over Haukeli. Mykje av allmenningen ligg langt frå allfarveg. Fjellstyret har 3 hytter som allmugen kan nytta og 4 stolar.

2. Røldal fjellstyre

Fjellstyret for perioden 2012 – 2015 har følgjande samansetjing:

Leiar:	Ellen Drangevåg	- vara: Håkon Sandal
Nestleiar:	Helleik Rabbe	- vara: Odd Inge Tvedt
Sekretær:	Randi T Legård	- vara: Ingeborg Øyna / Nils Gunvald Hamre
Styremedlem:	Torleif Fresvik	- vara: Morten Nilssen
Styremedlem:	Svein Myrheim	- vara: Oddbjørn Lynghammer

Fjellstyret har hatt 10 styremøte i 2013 og handsama 55 saker. Fjellstyreinformasjon ligg på heimesida til Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH). Sal av småviltjakt- og fiskekort har vore på 1 bensinstasjon, turistinformasjonen og Haukelisæter turisthytte. I tillegg har det vore selt småviltjaktkort på Inatur.no.

Røldal fjellstyre har følgjande samarbeidspartar:

Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH).

7 fjellstyre er med her:

Røldal fjellstyre

Odda fjellstyre

Ullensvang fjellstyre

Ulvik fjellstyre

Eidfjord fjellstyre

Øvre Numedal fjellstyre

Rauland fjellstyre.

Noregs Fjellstyresamband (NFS).

Alle fjellstyra i Norge er med i NFS (92 fjellstyre).

3. Hytter og stølar

Hyttene kan nyttast av bygdefolk heile året. Hyttene er utstyrt omlag som ei turisthytte.

Hytteleige: Innanbygds: kr. 50,- pr. døgn

Utanbygds: kr. 100,-

Oppbevaringsboks: kr. 200,- pr. år

Hytteleige og bokseleiga betalast på bankgiro.

Fjellstyret køyrer inn ved og gass på snøføre og hentar søppel.

Hytter:

Ninive 1202 m.o.h

Hytta ligg ved Holmavatnet ved stien som går til Litlos, er ca. 30 m² og har 6 senger.

Eriksbu 1167 m.o.h

Eriksbu finn me ved Hellevatnet like sør for Sandvikenuten, er ca. 35 m² og har 12 senger.

Gamlebua 1167 m.o.h

Hytta finn me i vestenden av Hellevatnet, like nord for turisthytta, er ca. 25 m² og har 6 senger.

Stølar:

Ståvassvika 976 m.o.h

Stølen ligg ved Ståvatnet på Haukeli søraust for foten av Sveigen. Der er fjos, sel og vedaskut. I mange år har eigedommen vore nytta til sauebeite.

Midtfjellsvollen 976 m.o.h

Stølen ligg ved Ulevåvatnet på Haukeli. Fjos, sel og vedaskut av god kvalitet. Det er plass til meir enn 100 geiter. Drift med geit kvar sommar.

Hadlene 976 m.o.h

Ein modernisert støl med stort fjos og kokeanlegg for ost ved Ulevåvatnet. Gammalt sel, vedaskut og agregathus, samt ei lita hytte. Drift med ku og geit (gris) kvar sommar.

Ulvabotnen 976 m.o.h

Stølen ligg ved vestenden av Ulevåvatnet. Der er fjos, sel og vedaskut. Alternativ drift med høner og gris.

4. Villreinjakt

Tildelt kvote 2013

Syd for E- 134

2 bukk

2 simle/ungdyr

2 simler

5 kalv

Nord for E-134 (Hardangervidda)

72 bukk/frie dyr

144 simle/ungdyr

72 kalv

Felling for 2013 blei 54,54 % på syd og

29,51 % på nord

4 bukk/frie dyr, 30 simle/ungdyr og 22 kalvekort blei ikkje selde

Prisar på fellingsløyve av rein

Fritt dyr kr. 1200,-

Simle/ungdyr kr. 800,- (1600,-) utanbygds

Kalv kr. 400,- (800,-) utanbygds

Samjaksavtalar

Røldal fjellstyre hadde gjensidig samjaksavtale med HA 290 og HA 300 under heile jakta. (inn til Turistvegen)

Avgrensa høve til overføring av jaktkort.

5. Småviltjakt

Det vart gjeve løyve til småviltjakt utan hund f.o.m 20. September

Prisar:

1 dag kr. 190,-

2 dagar kr. 300,-

3 dagar kr. 400,-

Veke kr. 600,-

Sesong kr. 600,- (innanbygds) 1200,- (utanbygds)

Svært få fangstrapportar er mottekne. Generelt inntrykk og noko markundersøking tilseier svært få felte ryper. Det vart og selt mykje færre kort i år enn i fjor.

6. Fiske

Prisar:

Garnfiske

Sesong kr. 250,- (innanbygds: + stong)

Stong


1 døger kr. 50,-

3 døger kr. 100,-

Veke kr. 150,-

Sesong: kr. 300,-

Garnfiske i Uravatnet har vore fritt då me slit med for mykje fisk. I øvre og nedre Hellevatn har det vore lovleg med 10 garn. Elles på allmenningen gjeld opptil 5 garn. Me har felles fiskekortordning med dei andre fjellstyra på Hardangervidda.



Røldal, 29. april 2014

Ellen Drangevåg